

Europaparlamentet: Kritikk av manglende resultat på EU-toppmøtet og korrupsjonssituasjonen i Romania

24. oktober 2018

- *Europaparlamentet samstemt i kritikken av manglende framdrift på viktige område som migrasjon, bankunion og klima på EU-toppmøtet førre veke*
- *Også kritikk for manglende framdrift for brexit-forhandlingane, men kritikken primært adressert til den britiske regjeringa*
- *Den rumenske presidenten ynskjer ikke EU-integrering i ulike hastigheter og vil at Romania skal bli med i eurosamarbeidet og Schengen*
- *Samstemt kritikk av Romania for revisjon av straffeloven og andre endringar blir oppfatta å gje svakare verkty i kampen mot korruption i landet*

Toppmøtet i Det europeiske råd

Både president i Det europeiske råd, Donald Tusk, og visepresident i Europaparlamentet, Frans Timmermans, la vekt på brexit, migrasjon, bankunionen og klima i si oppsummering frå EU-toppmøtet i dag. Europaparlamentet var på si side uvanleg kritisk av manglende resultat på viktige område. Sjå også [pressemelding fra Europaparlamentet](#) om debatten.

Donald Tusk understreka at EUs forhandlingleiar Barnier har full støtte frå EU27-landa i brexit-forhandlingane. Vilja til å forlenge overgangsperioden er eit viktig signal og forhandlingane må halde fram. Eg er klar for å kalle inn til eit nytt toppmøte om og når ei utmeldingsavtale er på plass sa han. Han sa også at det dei som ynskjer brexit som har heile ansvaret for at det er problem med den irske grensa, det er dei som ynskjer dei politiske endringane som vil føre til at det kjem ei grense på tvers over øya Irland.

Det er viktig å styrke grensekontrollen, reformere Dublin-systemet, samarbeide med tredjeland, få betre system for retur og stanse irregulær migrasjon. Jamvel om det ikkje kom til semje på toppmøtet, er det eit framsteg at alle er samde om behovet for å stanse irregulær migrasjon. Han oppmoda EU-landa til å finne ei semje om revisjon av asylsystemet så snart som råd. Toppmøtet drøfta også tiltak for å styrke indre sikkerheit, inkludert hindre trugslar frå cyberåtak. Dette er ikkje minst viktig i samband med det europeiske valet i mai neste år. Han vona på konkrete vedtak for å styrke bankunionen og styrke eurosamarbeidet i desember. Her vona han også på politiske diskusjonar om EUs langtidsbudsjett med sikte på semje før valet i mai 2019. EU må ta leiarskap på klimaområdet og COP24-møtet i Polen er viktig. Til slutt nytta han høve til å vise til mordet på den saudi arabiske journalisten Jamal Khashoggi er sjokkerande og sa EUs einaste interesse i saken er å få sanninga på bordet.

Visepresident Timmermans la også vekt på dei same punkta som Tusk, men framheva i tillegg behovet for konkrete tiltak knytt til eit meir sosialt rettferdig Europa og gjennomføring av tiltak under den såkalla sosiale søyla. Av dei rundt 30 framlegga Kommisjonen har kome med på dette området, er det berre rundt halvparten som er vedteke. Han viste også til at berre 6 av 14 framlegg knytt til den økonomiske og monetære unionen er vedteke. Timmermans framheva behovet for styrka samarbeid med Afrika. Dette kan potensielt bidra til vekst og sysselsetting både i Afrika og EU. Han la også vekt på ASEM-toppmøtet som viste at EU og asiatiske land står saman om å ynskje eit regelbasert, multilateralt samarbeid.

Parlamentspresident Antonio Tajani sa Europaparlamentet spesielt har vore opptatt av tre saker knytt til toppmøtet. Dette omfattar reforma av asylsystemet og oppmoda medlemslanda til å vedta nytt Dublin-regelverk med kvalifisert fleirtall. Han viste også til at Parlamentet ynskjer ein auke i langtidsbudsjettet gjennom auke eigne ressursar til EU og til prioriteringane Parlamentet har for utfallet av forhandlingane med Storbritannia om ein brexit-avtale.

I kommentarane etterpå var det få lovord til Kommisjonen. Tvert i mot kom det kritikk av manglande framdrift knytt til sentrale område som brexit, asyl, eurosamarbeidet og bankunionen. Kritikken kom også frå dei to største gruppene, sentrum høgre (EPP) og sentrum venstre (S&D) som fekk støtte av dei andre gruppene. Mange etterlyste politisk vilje og mot frå europeiske leiarar og stilte spørsmål om formatet på Det europeiske råd er ega til å få avgjerder. Fleire viste til at møtet hadde sluttat tidleg og at sentrale leiarar var observert på Grand Place etter at møtet var over. Sørg for at møta ikkje sluttar før det er ei semje oppmoda fleire. Mellom anna vart det vist til at EU ikkje er budd på ein ny bankkrise og at derfor det hastar med å få vedtak om framlegga knytt til reform av eurosamarbeid og fullføring av bank- og kapitalmarknadsunionen.

Det vart elles lagt merke til at leiaren i den konservative gruppa (ECR) Syed Kamall (Storbritannia) i sitt innlegg viste til at ekstremisme ikkje er synonymt med ytre høgre og at nazistane var nasjonalsosialistar. Dette førte til kraftige reaksjonar frå fleire gruppeleiarar, ikkje minst Udo Bullmann (S&D, Tyskland). Kamall enda med å årsake overfor Bullmann, men fleire oppmoda han til å lese seg opp før han trekk historiske parallellar. I etterkant av debatten har også S&D-gruppa kome med ei [pressemelding som kritiserer Kamall](#).

Kommentar:

Jamvel om dei ulike politiske gruppene til dels la vekt på ulike politikkområde i sin kritikk, var kritikken mot medlemslanda for manglande resultat frå Det europeiske råd uvanleg krass og samstemt. Fleirtalet i Europaparlamentet er ofte meir positive til europeiske løysingar og styrka samarbeid enn medlemslanda. Parlamentet vedtok t.d. med to tredels fleirtal si innstilling til revisjon av det europeiske asylsystemet i fjor. Medlemslanda i Rådet ikkje har ynskt å gjere vedtak med kvalifisert fleirtal der mellom anna på grunn av motstand i land som Polen og Ungarn. Ein del av innlegga i dag var prega av at det nærmar seg valkamp i Europa. Også visepresident Timmermans som er favoritt til å bli toppkandidat for S&D-gruppa, vart skulda for å drive valkamp i sitt innlegg i dag.

Drøfting med den rumenske presidenten om EUs framtid

I serien av stats- og regjeringsjefar som blir invitert til Europaparlamentet for å snake om Europas framtid, hadde turen denne veka kome til den rumenske presidenten Klaus Iohannis. Serien skal vare til februar og det r ekstra spenning knytt til Angela Merkel som skal delta på plenumssesjonen i november. Sjå også Europaparlamentets [pressemelding frå debatten med Iohannis](#).

Iohannis la denne veka vekt på at EU må stå samla for å takle dei utfordringane kontinentet står overfor. Han framheva Romanias plass i den europeiske fellesskapen og understreka at landet ynskjer å bli med både i Schengen- og euro-samarbeidet. EU-samarbeidet må ikkje vere basert på konsentriske sirklar. Ein fortsatt aktiv utjamningspolitikk er viktig for heile EU – ikkje berre for landa som er netto mottakarar av støtte. Sosial utjamning og gode arbeidsvilkår er også viktig i dei rike landa og sosial sikkerheit er like viktig som grensekontroll. Iohannis viste til at Romania har hatt utfordringar, men at ikkje minst dei unge står opp og forsvarar demokratiet. Han lova også sjølv å forsvare demokratiet i landet.

Alle dei politiske gruppene var opptatt av korruptionssituasjonen i debatten. Korruption er ikkje berre eit rumensk problem, men det er også eit rumensk problem vart det sagt. Mange kritiserte framlegga til endring i straffelov og utskiftingar i leiinga i antikorruptionsdirektoratet. Både kommisjonsresident Juncker og andre oppmoda Romania om å sikre nasjonal konsensus omkring kampen mot korruption før landet skal ta over EU-formannskapet 1. januar. Juncker sa det vil vere vanskeleg å tilrå rumensk Schengen-medlemskap om ikkje dette er på plass. Den rumenske statsministeren deltok i ein særleg debatt om situasjonen for demokrati og rettsstat i Romania i [Europaparlamentet 3. oktober](#) og fekk der kritikk for endringane det er gjort framlegg om. Venezia-kommisjonen offentleggjorde tidlegare denne veka [ein rapport som kritiserer endringane](#). Europaparlament skal drøfte ein resolusjon om rettsstatsutviklinga i landet på neste plenumssesjon.

Romanias rolle for regional stabilitet vart framheva av mange. Iohannis var positivt til styrka forsvarssamarbeid i EU, men understreka også at dette måtte komplettere NATO-samarbeidet. Elles var både Iohannis og mange i debatten opptekne av det planlagde toppmøtet om EUs framtid i [Sibiu 9. mai 2019](#). Møtet som vil finne stad etter at Storbritannia har gått ut av EU, skal stake ut vegen vidare for EU-samarbeidet i forkant av valet til Europaparlamentet seinare slutten av mai.

Kommentar:

Jamvel om temaet skulle vere Europas framtid, var det som venta mykje fokus på korruptionssituasjonen i Romania i debatten denne veka. Også dei gruppene som har kritisert Kommisjonen og Parlamentet for å blande seg inn i indre tilhøve Polen og Ungarn, kritiserte situasjonen i Romania. Medan den rumenske statsministeren i stor grad avviste kritikken og kritiserte Venezia-kommisjonen da ho deltok i debatt i Europaparlamentet i oktober, var presidenten noko meir open for kritikk. President Iohannis har elles i prinsippet støtte for ynskje om medlemskap i Schengen og eurosamarbeidet frå mange i Brussel, men fekk samstundes klar melding om at dette avheng av den politiske utviklinga i landet. Med så sterke

skepsis til interne politiske situasjonen i landet, kan det bli utfordrande for Romania å ta utøve EU-formannskapet på ein effektiv måte våren 2019.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no